

MASFJORDEN TAXI Aina Sleire  
Duesundøyna 8  
5986 HOSTELAND

Dato: 09.04.2018  
Vår ref.: 2018/141-20  
Saksbehandlar: nilelde  
Dykkar ref.:

## Søknad om ordinært løyve

Vi viser til ditt brev av 23.2.2018 som gjeld søknad om å endre ditt reservedrosjeløyve (1203 0826). Dette løyvet har i dag godkjenning til utvida setekapasitet. Det vert søkt om å redusere setekapasiteten på dette løyvet til åtte personar pluss sjåfør, med rullestolløysing. I tillegg vert det søkt om å gjere om dette reserveløyvet til eit ordinært løyve.

Hordaland fylkeskommune godkjenner søknaden om å redusere setekapasiteten på dette reserveløyvet. Setekapasiteten vert satt ned til åtte passasjerar pluss sjåfør. Vi ber om at du leverer inn løyvedokumentet ditt og får utstedt nytt, slik at korrekt setekapasitet kjem fram av løyvedokumentet.

Hordaland fylkeskommune avslår søknaden din om å gjere om dette reserveløyvet til eit ordinært løyve. Dersom det skal opprettast fleire ordinære løyver med tilslutning til Masfjorden Taxisentral, må sentralen sende inn ein grunngjeve søknad om å auke løyvetalet i Masfjorden. Dersom ein aukar løyvetalet vil eit nytt ordinært løyve verte kunngjort og tildelt den sökaren med fortrinnsrett, jf. yrkestransportforskriften § 43.

Vedtaket kan klagast på til Hordaland fylkeskommunes si klagenemnd. Klagefristen er tre veker etter at dette vedtaket er motteke. Ei eventuell klage må framsetjast samferdselsavdelinga. I klagen bør det nemnast kva endringar som er ønskja, og ei forklaring på kvifor vedtaket bør gjerast om. Vi viser til reglane om klage og omgjering i forvaltningsloven kapittel 6. Søksmål om lovlegskapen av vedtaket eller erstatningskrav kan berre reisast dersom klagemulegheita er nytta først. Eit eventuelt søksmål må reisast innan to månader rekna frå underretninga om klagevedtaket kom fram, jf. yrkestransportlova § 34.

Ein kan etter forvaltningslova § 42 første ledd be om at vedtaket ikkje vert satt i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort (utsetjande verknad). Når ein part eller ein anna med rettsleg klageinteresse aktar å gå til søksmål eller har reist søksmål for å få vedtaket prøvd ved ein domstol, kan fylkeskommunen utsetje iverksetjinga til det føreligg ein endeleg dom. Det same gjeld når ein part eller ein anna med rettslig klageinteresse aktar å bringe eller har brakt ei sak inn for ombodsmannen for forvaltninga. Dersom dette er aktuelt må ei eventuell grunngjeve oppmoding om utsetjande verknad sendast oss snarast.

Med dei avgrensingar som følgjer av forvaltningsloven §§ 18 og 19 har du rett til å sjå sakas dokumenter.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*